



FITJAR KYRKJEBLAD



NR 4 - SEPTEMBER 2020
ÅRGANG 43



DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

tys., ons. og fre.: kl.10:00 - 15:00
Ta kontakt på telefon om døra er låst
og me er ute på oppdrag.

Kyrkjeverje/kantor:

Overweg, Jan 901 97 069
kyrkja@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Drønen, Roald 950 76 635
rodr@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Matre, Randi Lønning 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Oma, Elisabeth Søndena
eson@fitjar.kommune.no

Soknerådsleiar:

Fangel, Sigrid 480 94 634

Nestleiar sokneråd:

Helland, Wenche A. 901 33 397

Bakken barnehage:

Torunn K. Aarskog 404 04 146
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver til kyrkjelydsarbeidet

(Skriv om du vil øymerke gåva)
kontonr. 3546.29.05805



Framsidedeilete:

Utsikt frå Midtffjellet

Foto: Rolf-Atle Rolfnes



Dåpsvatnet gjev liv

Langfossen er ein ein foss i Vaulaelva i Etne som renn ut på sørsida langt inne i Åkrafjorden. Ved fossen er det parkering og rasteplassar langs Europaveg 134, som gjer fossen svært tilgjengeleg for turistar og skodelystne. Mange turistar stoppar for å ta bilete av det vakre og majestetiske synet når vatnet kjem styrtande nedetter fjellsida. Fossen har eit totalfall på 612 meter og er blitt kåra til ein av dei vakraste fossane i verda.



Roald Drønen

Eg køyrer forbi Langfossen ganske ofte. Aldri har eg køyrt forbi utan at det kjem rennande vatn. Når eg ser synet av vatnet som kjem fossande, vert eg minna om det prof. Joel skreiv for ca. 2500 år sidan:

«I dei siste dagar skal det henda, seier Gud, at eg auser ut min Ande over alle menneske. Sjølv over slavar og slavekvinner vil eg ausa ut min ande i dei dagane.»

Gud ville altså ikkje halda noko tilbake. Han hadde ein tanke om å ausa sin Ande over alle, både rike og fattige.

Pinsedag i Jerusalem, ikkje mange dagar etter at Jesus hadde fare opp til himmelen, fekk mange med eigne augo sjå profetien bli oppfylt. Anden vart synleg for tusenvis av menneske, og det står at meir enn 3000 var døypte og fekk del i Guds Ande.

Me står i den gode tradisjonen frå pinsedag. Ved dåp i kyrkja ausar Gud framleis sin Ande over dei som vert døypte, og når presten legg handa på hovudet til den som er døypt, lyder orda:

«Den allmechtige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande, fødd deg på nytt og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Gud styrkja deg med sin nåde til det evige livet. Fred vera med deg!»

Ved vatnet i dåpen og løftene som vert gjevne, vert Guds nåde og kjærleik formidla. Å vera døypt er å vera omslutta av Guds kjærleik. Dåpen er ein invitasjon til undring i møte med livets mysterium der me skal få ta imot tru i tillit.

Dåpen ber gjennom livet og har eit håp som ber utover dette livet. Jesus kaller alle til dåp. Vi vert døypte til å leva eit liv med Jesus. Dåpen gjev oss del i Jesu oppstode. Løfta i dåpen set våre liv inn i Guds evige perspektiv. Dette er gåva Gud gjev oss i den heilage dåpen.

Redaksjonelt



På facebookside vår deler me noko av det som har skjedd og det som skal skje i kyrkja vår. Du finn oss under namnet Kyrkja på Fitjar. Lik og følg oss gjerne!

"Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 16. oktober til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 28. oktober. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Vær ikke bekymret

Haldis Totland Reigstad

*Vær ikke bekymret, se markens liljer,
se hvor de sorgløse folder seg ut.
Stille og øm lyder Frelserens stemme:
Barnet mitt, stol på Gud.*

*Vær ikke bekymret for morgendagen,
kraft skal du få når den kommer til deg.
Se opp mot himlen, hør Frelserens stemme:
Barnet mitt, stol på meg.*

*Vær ikke bekymret for liv og helse,
Jesus skal føre til frihet deg ut.
Hør hva han sier til deg, du som strever:
Barnet mitt, stol på Gud.*

*Vær ikke bekymret, men hvil hos Jesus.
Selv om du svikter, han svikter deg ei.
Inderlig, varm lyder Frelserens stemme:
Barnet mitt, stol på meg.*



Redaksjon:

- Roald Drønen (red.)
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland

Trykk: Kai Hansen Trykkeri Haugalandet



«Kyrkja si dør må alltid vera open»

Det var livleg i heimen til Ingeborg og Sjur Aarskog. Jamt og samt melde nye born seg inn i familien. Til slutt måtte alle fingrane på begge hender takast i bruk for å telja flokken, 3 jenter og 7 gutar. Til dette nummeret av kyrkjelydsbladet har me laga eit intervju med yngstemann, Malvin. Han har alltid vore ein lun fargeklatt i bygda vår. Samtalen byr på laust og fast.

Herman Inge Aadland

Mange veit at bakaryrket sysselsette fleire frå Årskog. Det var Årskogbakarar mellom anna på Tysnes og fleire stader i Sogn. På spørsmål om kvifor ikkje han vart bakar, kjem det kjapt frå Malvin: «*Det vart nok brød og kaker!*» Malvin ville heller vera ute og meir i pakt med naturen. Difor vart livet og yrkesdagen prega av det som veks og gror, og av tømring.

Heilt frå tidleg barndom var Malvin oppglødd av naturen. «*Å så frø og oppleve underet som fylgde etter, gav djup og inderleg glede,*» seier han. Då Malvin var 16 år, skaffa ein av onklane seg eit falleferdig gartneri ute på Bremnes. Der fekk unge Malvin jobb. Han budde i eit kummerleg og kaldt steinhus, heilt åleine. Varmen heldt han ved å leggja ein murstein oppå primusen, slik at varmen stråla ut frå denne. Det var ei enkel og primitiv form for kakkelomn. Ein viktig del av det sparsame inventaret i huset var ein stor radio. «*Bremnes hadde ikkje elektrisk straum på denne tida, så radioen måtte eg få lada opp på ein verkstad der dei hadde aggregat. Det kosta ei krone, så då måtte eg velja mellom brød og musikk.*» På Bremnes fekk Malvin opplæring i kransebinding.

Etter eit par år gjekk ferda til Finnøy der han vart verande frå 1953-58, berre avbrote av militærtjeneste på Sola. På Finnøy bygde han i vinterhalvåret og resten av året arbeidde han i gartneri. For hans del gjekk det mest i agurk, noko han var vel kjend med heimanfrå. «*To gode ting fekk eg med meg heim frå Finnøy, nemleg kona mi, Irene, og rik yrkeserfaring.*»

Eigentleg skulle bror Johannes overteke i Årskog; men då han fekk kjøpt god gard i Fitjar sentrum, var det Malvin som hamna på heimegarden i 1958. No vart det mange gode år med husbygging. «*Først dreiv Johannes*

og eg for oss sjølve, men det vart meir sutlaust då me gjekk inn i arbeidsstokken til Engevik og Tislevoll.» I Årskog reiste Malvin seg eit par drivhus, der han dreiv fram blomar og planter som stort sett gjekk til Bergen. Det vart aldri noka gullgruve, men det gav glede.

Så, i januar 1980, vart livet kasta totalt om. Tømraren ramla ned frå eit bygg og vart hardt skadd. «*Eg vart førespegla å bli 100% ufør. Men det gjekk jo ikkje an, det var jamgodt med døden. Eg kråna etter kvart med meg, og etter ei tid kjøpte eg meg ei campingvogn og starta blomesal i sentrum.*» Det skulle bli starten på eit meir enn 30 år langt engasjement til beste for bygda både i glede og sorg. Han vart snart allemannseige og ein herleg fargeklatt i kvardagen vår. Me fekk ikkje berre med oss blomar frå bua hans, men også morosame replikkar og kostelege soger og skoser. Mange gonger gjekk me ut av bua med latterdøra på vidt gap. «*Blomamalvin*» gav oss godt humør med på kjøpet, og det er slett ikkje å forakta, ein herleg bonus. Og sidan det var nettopp han, kunne han sei dei raraste ting utan at folk tok det ille opp. Det er ein givnad. Ei dame kom kanskje og skulle ha blom til ein mann. Då kunne Malvin kviskra: «*Vil du snakka om det?*» Og om nokon tykte han var vel dristig med fargesamansetjing, tok han dei gjerne med ut på trappa, peika kring seg og sa: «*Ser du korleis Vårherre gjer det? Han er mykje friskare og dristigare enn eg!*»

Og om nokon hadde rund dag og fekk uhorveleg mange blomar, sa han gjerne: «*Ja, du veit at eg sa til alle eg at du hadde dag. Eg tenkte det kunne svara seg både for deg og meg!*»

Malvin hadde i mange år eit godt samarbeid med kyrkja. Han pynta til gudstenester og samlingar. Og ikkje minst var han viktig i bryllaup og gravferder. Ofte hadde han sørgjande med seg ved pynting til gravferd. Det var til trøyst og kunne vera med og mildna sorga. For Malvin er ikkje berre god til å prata. Han er også ein god lyttar. I blant oppsøkte han syrgjande som mange kvidde seg for å møta. Dette gjorde han gjerna mange gonger, om det trongst, berre for å lytta. Det vart til lindring og hjelp for folk i ei tung tid. Ei bygd treng veldig slike varme fargeklattar som på fleire måtar er med på lysa opp kvardagen vår.

Underteikna er ein av dei som tallause gonger møtte Malvin på pynteoppdrag i kyrkja. Då gjekk han gjerne og song eller nynna på ein salme. Det er gode minne. Av og til song me i lag. Når eg spør om han har ein salme han er spesielt glad i, seier han: «*Oi, det er så mange, det. Men skal eg nemna ein spesielt, må det vel vera: «O, bli hos meg.» Den har både så vakker og god tekst, men også så høveleg tone. Jo, eg er glad i salmar, men eg likar ikkje når dei driv og forandrar på tonar og rytmar; då blir eg forvirra. Det same vil eg sei om «Fader vår». I morgonandakten er det snart det eine og snart det andre. Kvifor ikkje halda seg til barnelærdommen?»*»

På tampen seier Malvin: «*Veit du kva? Den 2. oktober vert det 71 år sidan eg vart konfirmert her i kyrkja! Me hadde Bjørlykke. Han var ein fin og kjekk prest. Eg kjende han godt, for me hadde han til lærar i skulen òg.»*»



Haustsemesteret i kyrkjekoret

Kyrkjekoret startar opp igjen med onsdagsøvingane sine i byrjinga av september. Vi står framfor ein litt usikker «korona-haust», men vil gjera alt vi kan for å gjera øvingane trygge. Vi tar svært gjerne i mot nye medlemmar, og lover gode musikalske opplevingar og eit godt fellesskap.

Sidan det er vanskeleg å planleggja fram mot ein større konsert no, vil vi øva inn ein del folketonearrangement som vi i første rekke framfører på 2-3 av gudstenestene i haust. Det finst mange vakre folketonar i salmeboka, og mange spennande arrangement av desse.

Dersom du lurar på noko, kan du kontakta Jan Overweg på tlf. 901 97 069. Vi ynskjer gamle og

nye koredlemmar velkomne til øving i kyrkja onsdag 2. september kl. 19.30!

Styret



Konfirmasjonshelg i Fitjar

Konfirmant 2020

Me er inne i ei spesiell tid, ei tid som gjer kvardagen vår heilt annleis. Også konfirmasjonsdagen har fått ny dato. Eg veit at mange av dykk hadde nedteljing til denne store dagen, og de hadde gleder dykk til maihelga: Det heile har blitt litt avstumpet. Eg vonar likevel at me i saman med dykk får ei flott konfirmasjonshelg.

Randi Lønning Matre

Dåp og konfirmasjon høyrer saman. Konfirmasjon tyder stadfesting. Frå gamalt av var det slik at konfirmanten stadfesta at han/ho ville leve i dåpapakta heile livet sitt.

Eg har lyst å understreke at det er ein part i dåpapakta som gjerne vil stadfeste deg. Det er Gud. Som 14-15 åring er det ikkje alltid lett å vere 100 % sikker på at du trur på Gud

og kjem til å gjere det resten av livet. Det er ein ting du kan vere sikker på, det er at Gud kjenner deg og vil alltid vere saman med deg.

Du er elsket av Gud også i denne usikre tida me lever i nett no! Jesus vil alltid vere din ven og han seier: «Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!» (Matt.11,28)

Konfirmantane er fordelte på 4 gudstenester helga 12. og 13. september. Det er diverre avgrensa plassar i kyrkja, og gudstenestene er for inviterte. Det er mogleg å følgje gudstenesta frå Youtube.

Me ynskjer alle konfirmantane Guds signing over dagen og livet vidare.

Laurdag 12.9 kl. 10:30:

Halvor Livastøl Aga
Andrea Brakedal
Eirik Fitjar
Mari Fitjar Hjelle
Sigmund Mikal Aga Hopperstad
Adrian Opedal Huseth
Eirik Torbjørnsen
Mathea Olsen Vik

Laurdag 12.9 kl. 12:00:

Leon Ivarsøy Bårdsen
Julian Drivenes-Helland
Ingrid Johanna Grimen
Hanne Inntveit
Emil Wilhelmsen Reigstad
Regine Haukeland
Jens Ragnar Våge Helland
Rune-André Holmedal
Nathalie Jespersen Lyngbø

Laurdag 12.9 kl. 13:30:

Jørgen Skram Isdahl
Thea Eggøy Nilsen
Sander Nordbustad
Ingeborg Prestbø
Isabel Helland Skumsnes
Helena Solli
Amalie Helland Tislevoll
Johannes Tufteland
Ola Sigurd Vestbøstad

Søndag 13.9 kl. 11:00:

Adrian Hugøy Berntsen
Alma Brekke
Siren Brekke
Jan Grønås Bukkøy
Tuva Grimen
Gabriel Helland Kannelønning
Linnea Kleppe Nordbustad
Amalie Prestbø
Camilla Vik



Frå konfirmasjonsgudsteneste 12.05.2019

Foto: Torbjørn Hovland

«Oppsprita» gudstenester

Herman Inge Aadland

For mange av oss var det ei stor glede då kyrkjedørene på nytt vart opna for gudstenester med personleg frammøte. Det var rett og slett ubeskriveleg herleg å få komma heim! Naturleg nok starta det litt famlande. Me lever jo i ei «løyen» tid, og me som knapt hadde vore på butikken på fleire månader, var forsiktige. Men me opplevde etter kvart at smittevernet vart teke på alvor: Talet på deltakarar var regulert, det vart ført deltakarlistar med tanke på å kunna spora eventuell smitte, rett avstand mellom godkjende sitjeplassar vart handheva, det var god orientering og informasjon ved starten av gudstenesta, og spriten flaut rikeleg over hendene både ved inngang og utgang. Og slik er det framleis. Tenk, no kan me vera 100 i kyrkja på ein gong! Det er eit under!

Ein annan stor milepåle var den dagen me igjen fekk ta del i nattverden. Den hadde vore eit stort sagn. Utdelinga vart ordna på ein god og trygg måte: På førehand hadde spritvaska hender lagt ein oblat i kvar særkalk. Nattverdsgjestene tok begeret sitt og plukka opp brødet medan tilseiingsorda lydde. Ved neste stasjon fekk me vin i begeret med påfølgjande tilseiingsord. I køen vart det halde lovleg avstand, og det heile gav god ro og stor høgtid.



Mange ulike prestar har vore i elden i sommar, frå pur unge Runar Larsen til sjølvaste prostsen. Fantastisk var det at på fleire av gudstenestene var det heile to teologistudentar til stades. Det var kanskje ei sær glede for oss pensjonistprestane?!

I tillegg til dei vanlege gudstenestene har det vore forretta mange ekstraordinære dåpsgudstenester denne våren og sommaren. Normalt sett skal dåp finna stad i kyrkjelyden si hovudgudsteneste, men no var dette ei klok ordning. Dåpsfølgja er ofte store.

Eg trur me kan vera trygge i kyrkja når me praktiserer smittevernreglane. Det svakaste punktet kjem gjerne når gudstenesta er slutt. Då er nemleg folk ofte svært pratesjuke. Det er jo både flott og nødvendig, men dermed vil nokon lett laga kork ved utgangen og i døra. Men det går godt an å gå ut gjennom sidedørene.

Velkommen til gudstenester og andre samlingar om Guds ord, song, musikk og anna godt og byggjande. Framleis vil me ta dugnaden på alvor og vinna over gledesdreporen Covid-19! Som Malvin Aarskog seier ein annan stad i bladet: «kyrkja si dør må alltid vera open.»



Frå friluftsgudsteneste i Kråko 19. juli
Foto: Torbjørn Hovland

Døden sin veg og Livet sin veg

Ein ven fortel frå heimstaden sin nær Boni i Mopi-regionen, om korleis mange av slektningane hans no har vorte militante islamistar. Det er folk i området som trener folk opp i våpenbruk, seier han. Så sel dei våpen til dei som vil kjøpa.

Frode Brügge Sætre, Malimisjonær

Samstundes vaskar dei hjernen til folk ved å seia at «dersom du drep nokon i uniform, så er det heilag krig, og du kjem til himmelen. Dersom du drep ein sivil, så har du drepe ein heidning, og då er det heilag krig og du kjem til himmelen. Dersom du skulle verta drepen, så er det heilag krig og du kjem til himmelen». Min ven, som sjølv er ein lærd muslim, sukker. Han reiser ikkje lenger for å besøka heimtraktene sine. Slektningane til min ven har valt ein veg prega av vald og død.

Parallelt med denne alvorlege situasjonen opplever me at fleire er opne for evangeliet som ein alternativ veg. Då Jesus vart fødd song englekoret: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!» Dei siste arbeidsåra har det kvart år vore nokre menneske som har vald Jesus sin veg, og har vorte døypte og fått eit nytt liv. For misjonen blant fulanarar i Mali er det nytt med dåp kvart år.

Fitjar kyrkjelyd har misjonsavtale med Det norske misjonsselskap (NMS) og støttar NMS sitt arbeid blant fulanifolket i Mali. Det bur omkring 20 millionar menneske i Mali, og ca 3 millionar av desse er fulanarar. Berre eit par hundre av desse er kristne, og NMS jobbar for å nå ut med evangeliet om Jesus til det fulanitalande folket i Mali. Mali er eit av dei fattigaste landa i verda, det er væpna konflikter i store deler av landet. og misjonsarbeidet er prega av kontrastar.



I september 2019 vart fire personar døypt: éit ektepar, éin flyktning frå grenseområdet mot Burkina Faso, og ein ung, lærd mann som er barndomsven av bibelomsetjaren vår. Nokre kilometer utanfor byen dei vart døypt i er det dei militante som regjerer.

Ver med å be om vern og modning for dei nydøypte og om at endå fleire fulanarar i Mali må velja å følgja freden sitt evangelium.

Foto: Sigurd Edgeland

Til liks med mange andre organisasjonar er NMS inne i ei spesielt krevjande tid no, og dei set stor pris på all hjelp dei får, i form av forbøn og gåver.

Me får to høve til å gje til prosjektet vårt denne hausten: Misjonsgudstenesta 11. oktober og høgtidsgudstenesta 1. juledag, men du kan alltid gje di støtte til arbeidet direkte til NMS på kontonummer 8220 02 85057, og merka betalinga med Mali.



Frå Mali til Fitjar

Herman Inge Aadland

Søndag 11. oktober vert det ei spesiell Mali-gudsteneste i Fitjar kyrkje. Den dagen får me vitjing av Frode Brugger Sætre, misjonæren som jamt førar oss med opplysingar frå det spennande landet. På grunn av pandemien er han no heime i Noreg. For tida deler han kvardagen sin mellom lærarjobb og tenester for NMS. Han håpar sjølvstøtt å få sjå sitt kjære Mali att så snart som mogleg, men både smittefaren og stor politisk uro set så langt kjeppar i hjula. Men spirene bryt fram og arbeidet som er gjort, må fylgjast opp både med forbøn og offer. Me ser fram til ei viktig misjonsgudsteneste saman med Frode.



Iver Kleive og Knut Reiersrud til Fitjar kyrkje

Herman Inge Aadland

Temakveldane i Fitjar kyrkje har i årevis nærast gått som eit sveitsarur. Så kom koronaen med restriksjonar både på det eine og det andre. Me har alt gått glipp av fleire flotte kveldar, og me må berre sjå i augo at både august- og septemberarrangementa òg går fløyten, men det er von i hangande snøre: Temakveldgruppa lever verkeleg i håpet om at kvelden med Iver Kleive og Knut Reiersrud går i boks. Den er tidfest til torsdag 29. oktober. Det vert nok framleis avgrensa frammøte då òg, men likevel er dei villige til å ta sjansen. Kvelden vert nok inga økonomisk gullgruve for gruppa, men for dei vonleg 100 heldige (kanskje fleire då?), bør det bli ein kveld som ikkje så fort går i gløymeboka!

Fylg med! Oppdatering kjem etter kvart.



Foto: Kristin Maberg



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Fitjar sokn har ledig inntil 70 % fast stilling som
KYRKJEGARDSARBEIDAR / VAKTMEISTER
Fullstendig utlysing www.kyrkja.no/fitjar
Søknadsfrist 10. september



Vakre og varierte sommarkonsertar

Den eminente kantoren vår, Jan Overweg, har òg denne sommaren delt ut musikalske perler gjennom orgelet i Fitjar kyrkje. Tre laurdagar har han spela halvtimeslange lunsjkonsertar. Og folk har roa seg ned og lytta seg inn i musikken, som spente frå det vakre, vare og ettertenksame til det veldige, monumentale uttrykket. Me vart tekne med til England, Tyskland, Frankrike og andre land, og til sist enda me opp heime i den nordiske musikkskatten.

Herman Inge Aadland

Nokon av oss fekk med oss alle konsertane, andre to eller ein. Men alle fekk noko godt for øyra, sjel og sinn. Gledelig var det å sjå at fleire stordabuar tok turen nord til oss. Dei visste nok kva dei gjekk etter.

Til kvar konsert hadde Jan laga eit lite programark, og før han sette seg på orgelkrakken, hadde han ei informativ innleiing som gjorde oss mottakelege for det som skulle komma. Og så fløynde tonane gjennom rommet.

Det som sit aller sterkest att hos meg, er den mektige orgelvariasjonen over "Lift up your head" frå Händels



Arkivfoto: Torbjørn Hovland

Messias. Det var fleire i kyrkja som då verkeleg kjende frimod og trong til å lyfta opp hovudet! Du må gjerne googla og lytta. Det finst mange flotte versjonar.

Varm, varm takk til Jan Overweg som gav oss desse stundene – og det heilt gratis!

Hjarteleg velkommen til babysongkurs

Randi Lønning Matre

Det er med stor GLEDE me startar opp att med babysongkurs. Etter mange månader utan tilbod, er det veldig kjekt at me no kan samlast att. Babysongkurs er for mødrer og fedrer som er heime med ein baby eller to. Her vert det koseleg songstund med songar, rytme og regler. Me tek oss tid til nistemåltid og den gode praten over ein kopp kaffi. Alle har med eigen mat og kopp. Kaffi og te får de servert. Det vert teke omsyn til smittevernrestriksjonane som gjeld til ei kvar tid, slik at det er trygt å komme til Fitjar bedehus på babysongkurs.



Etter nær 20 år med småbarnstreff, vert det diverre ikkje oppstart av samlingar for denne gruppa i haust. Me arbeider med å lage andre gode tiltak for denne målgruppa.

For meir informasjon og påmelding kan de ta kontakt med Helga Rimmereid, 975 28 001 eller til Astrid K. Prestbø, 976 25 833.



Min salme - Bjarne Kvernenes

Ut frå dei mange salmane i salmeboka vil eg velgja salme nr 618, Fylt av glede over livets under, som min salme.

Teksten er av Svein Ellingsen og melodi av Egil Hovland.

Det er ein salme som ofte vert brukt i kyrkja, sæleg i barnedåp. Den har ein god tekst som over 6 vers spanner over livet frå fødsel til "tidens grense".

Egil Hovland sin melodi løfter salmen og er lett å syngja.

I Fitjar kyrkje er det ofte god sang. Med mykje folk og glade folk i kyrkja ved barnedåp, skapar denne salmen med sin vakre tekst og melodi høgtid og glede over livets under.



*Fylt av glede over livets under,
med et nyfødt barn i våre hender,
kommer vi til deg som gav oss livet
kommer vi til deg som gav oss livet*

*Fylt av beven foran ukjent fremtid
legger vi vårt barn i dine hender.
Det som skjer i dåpen, gir oss trygghet.
Det som skjer i dåpen, gir oss trygghet.*

*Fylt av undring er vi i din nærhet!
Du som bærer verdensrommets dybder,
venter på de små og tar imot oss.
venter på de små og tar imot oss.*

*Ved ditt verk, ved Kjærlighetens vilje,
er vi født på ny til liv i Kristus,
til et åpent liv i tro og tillit.
til et åpent liv i tro og tillit.*

*Og ved tidens grense lever fortsatt
dine løftes-ord ved døpefonten,
dåpens lys forblir når livet slukner.
dåpens lys forblir når livet slukner.*

*Større rikdom enn hva ord kan romme,
har du gitt oss gjennom dåpens gave.
Herre, la vår tro bli fylt av glede!
Herre, la vår tro bli fylt av glede!*


Svein Ørnulf Ellingsen var en norsk billedkunstner og salmedikter. Norsk Salmebok og salmeboktillegget Salmer 1997 har 58 tekster av Svein Ellingsen. I Norsk salmebok 2013 er han også representert med 58 verker, og han er representert i salmebøker i alle nordiske land, i Tyskland/Østerrike, Sveits og USA.



Fødselsdato: 13. juli 1929
Døde: 5. april 2020

Kjelde: Wikipedia

Egil Hovland var en norsk korleder og organist, og en av Norges mest produktive samtidskomponister. Produksjonen omfatter symfoniske verk, kammermusikk, korverk, konserter, opera, kirkemusikk. Han er allment kjent for salmen Måne og sol med tekst av Britt G. Hallqvist.




Fødselsdato: 18. oktober 1924
Døde: 5. februar 2013

Kjelde: Wikipedia



I Lukas 5, 1-11 kan du lese om korleis Jesus fekk fiskarar til å byrja med eit nytt liv.

Her kan du fargeleggja slik du vil eller bruke kodane under bilete.



- ① Rødt ② Grønt ③ Brunt
④ Blått ⑤ Gult ⑥ Oransje

SØNDAGSSKULE

på Fitjar bedehus kl. 11.00 til Ca kl. 12
stort sett dei søndagane det ikkje er Familiegudsteneste i kyrkja
Song, lyttening, bøn, Bibelforteljing og aktivitetar
(For alle frå Ca 3 år og oppover til 8. Klasse)

Hausten 2020:

- 30.08 Søndagsskulens dag (sjå plakat/annonse)
- 06.09 Søndagsskule
- 13.09 Søndagsskule
- 20.09 Søndagsskule
- 27.09 Søndagsskule
- 04.10 Haustferie – ikkje søndagsskule
- 11.10 Søndagsskule
- 18.10 Brandøyweekend, FJM – ikkje søndagsskule
- 25.10 Familiegudsteneste – ikkje søndagsskule
- 30.10 Filmkveld for dei eldste, 4.klasse og oppover
- 01.11 Søndagsskule
- 08.11 Familiegudsteneste – ikkje søndagsskule
- 15.11 Søndagsskule
- 22.11 Søndagsskule
- 29.11 Adventssamling/adventsfrukost kl. 11.00
- 30.12 Julefest kl. 17.00 ? (sjå plakat/annonse)



Det kan skje endringar i oppsett plan dersom det skjer endringar i koronasituasjonen. Følg oss gjerne på facebook for ferske oppdateringar/påminningar, og gjeldande smitteverntiltak.



VELKOMEN !

Arr.: Fitjar søndagsskule

BABYSONGKURS

For babyar mellom 0 og 12 månader, saman med ein vaksen

På Fitjar bedehus **TYSDAGAR, kl. 10.30 - 12.00**

* SONGSTUND * NISTEMÅLTID * PRAT

Datoar hausten 2020:

1/9, 15/9, 29/9, 13/10, 27/10, 10/11, 24/11, 8/12

Etter songstunda vert det felles nistemåltid. Me serverer kaffi og te. Ta med niste, kopp og babyteppe/gulpeklut til å ha under babyen.

Påmelding og evt. spørsmål kan rettast til Helga Rjimmereid tlf. 975 28 001 eller Astrid K. Prestbø 976 25 833. Påmeldinga må innehalda namn og alder på barnet og namn på den vaksne, og eventuelle behov for ekstra tilrettelegging. **Pris kr. 100,- . Påmelding innan fredag 28/8 !**

Følg oss gjerne på facebook: Fitjar babysong og småbarnstreff



Arr. Fitjar sokneråd

- Smittevern
- * sjuke personar skal ikkje delta
 - * god handhygiene
 - * utvida reinhald
 - * ingen bruk av felles leiker el utstyr
 - * god avstand – 1-metersregelen

FITJAR BEDEHUS

- 20.09. 1930 Søndagsmøte
- 27.09. 1930 Søndagsmøte - Marit H. Ådnanes
- 04.10. 1930 Søndagsmøte
- 11.10. 1900 Søndagsmøte m/forbøn - Klaus Muff
- 14.10. **Basar Indremisj.for. - Marit A. Røen**
- 15.10. 1900 **Møte - Marit A. Røen**
- 16.-18.10. **BRANDØY-HELG - - Marit A. Røen**
- 25.10. 1900 Søndagsmøte Normisjon
- 28.10.-01.11. **Møteveke NLM Preben Solvang**
- 07.11. Misjonsmessebasar

Sjå òg www.fitjar-bedehus.no



Marit Andresen Røen har vore på Fitjar bedehus mange gonger. Ho bur i Samnanger saman med mannen Knut Inge, og har jobba i Samskipnaden i mange år.

I haust kjem Marit til indremisjonsforeningen sin basar onsdag 14.10. Ho blir òg med på møtet torsdagen, før me reiser saman på Brandøyhelg .

BLI MED PÅ BRANDØY-HELG 16. - 18. OKTOBER

Samarbeid mellom Fitjar Indremisjon, ImF Fitjar og Fitjar kyrkjelyd. **Påmelding til: Marianne H. Aarbø: 952 50 205 - marianne.h.aarbo@haugnett.no**



Preben Solvang

Preben er frå Erfjord i Rogaland og har dei siste åra jobba blant unge i Cochabamba i Bolivia for NLM. Han har også vore både elev og tilsett på Lundaneset.

Han kjem til Fitjar 28. oktober til 1. november.



||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
ELON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjerelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

FRS
FITJAR RØR & SANITÆR A.S

Mobilnr:
975 02381

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FINERO
REGNSKAP

www.finer.no - jantore.aarskog@finer.no



FITJAR
SJØ OG CAMPING

Din Catering leverandør

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)
E-post:
fitjarcamping@haugnett.no

Hår
loftet

OPRINGSTIDER
Mån,tirs,fre..... 9-16
Ons,tors..... 9-18
Laur (kun drop-in).. 10-13

Fiks frisyren
hos oss!

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget
For timebestilling ring:
53 49 78 90



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningscenter
Mobilnr: 951 89950

Fitjar-Posten

E-POST: post@fitjarposten.no - MOB: 476 52 527

www.fitjarposten.no

Susflidskron

Tlf: 53 49 79 60

Interflora | Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00 www.interflora.no

Blomster - Gaver - Gravsteiner

Ledig annonse plass

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



FITJAR
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

SPAR



VB
VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &
Tislevoll a.s**

Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21



SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Kontaktinfo:
Torunn K. Aarskog
404 04 146



**KVERNENES
BÅTBYGGERI**

Kvernernes Båtbyggeri AS, Kalvøid 27, 5419 Fitjar
Telefon: 53 49 90 90, baatbyggeri@kvernernesbaat.no



Sko – Gåver – Leiken

**Kom: Norsk Tipping
Rikstoto**

Tlf. 53 49 71 61

**Videoen
Kiosk**



Syng med oss !
OSTERNES MANNSKOR

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

HEIMLI
SHIP DESIGN

www.heimli.com
Havnavegen 90, Fitjar



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvåg. 700

Ledig annonseplass



Slekters gang

Døypete:

14.06.

Oline Dahl Hatlevik

21.06.

Olav Eikeland

27.06.

Ylva Hatlevik

28.06.

Aron Aarbø Steinseide

Karen Marie Kleppe

Marion Strand Stangeland

05.07.

Emilie Oppedal Helland

12.07.

Mikal Mjønes Grønås

Tron Mjønes Grønås

18.07.

Maria Leirevaag Mongstad

02.08.

Erik Haugen Valved

16.08.

Maiken Voll Waage

Isak Benjaminson-Helland

23.08.

Emelia Reigstad Helland

30.08.

Olaj Hovstad Viken

Vigde:

20.06.

Aileen Todnem og

Even Laukhamar

27.06.

Judith Emelie Hageberg og

Knut Arild Espegren

29.08.

Joanna Barbara Sawicka og

Piotr Stanislaw Przygocki

Jordfeste:

John Reidar Brekke

f: 10.12.1959 – d: 06.06.2020

Toralf Vik

f: 24.02.1925 – d: 11.06.2020

Dagny Dybwad

f: 18.04.1928 – d: 03.07.2020

Marta Korsvik Maraas

f: 07.09.1923 – d: 17.07.2020

Bergitte Hovland

f: 03.02.1926 – d: 22.07.2020

Monika Eilerås

f: 28.01.1981 – d: 30.07.2020

Amarjit Kaur Panesar Koløen

f: 24.07.1944 – d: 04.08.2020

Ole Træet

f: 23.02.1940 – d: 17.08.2020



Gudstenesteliste

Dato	Klokkeslett	Merknad	Takkoffer
09.09.	18:00	Samtalegudsteneste	Ikkje offer
12.09.	10:30	Konfirmasjon	Kyrkjelydsarbeidet
	12:00	Konfirmasjon	Kyrkjelydsarbeidet
	13:30	Konfirmasjon	Kyrkjelydsarbeidet
13.09.	11:00	Konfirmasjon	Kyrkjelydsarbeidet
20.09.	11:00	16. søndag i treeiningstida	Norea Mediamisjon
	13:00	Dåp i eiga gudsteneste	Norea Mediamisjon
26.09.	11:00	Dåp i eiga gudsteneste	
27.09.	11:00	17. søndag i treeiningstida - Konfirmantpresentasjon	Ungdomsarbeidet
04.10.	11:00	18. søndag i treeiningstida	Menighetsfakultet
11.10.	11:00	19. søndag i treeiningstida	Kyrkjelydsarbeidet
17.10.	14:00	Vigsel	
18.10.	11:00	20. søndag i treeiningstida - Hausttakkefest	TV-aksjonen
25.10.	11:00	Bots- og bønedeag/4-årsbok	Normisjon
29.10.	19:30	Temakveld	
01.11.	11:00	Helgemesse-sundag - Middag på bedehuset etter gudstenesta	Fitjar diakoninemnd